



# Møtebok

Sak nr 9/2008

Møtedato: 30.1.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 352.4

## Fiskereglar

Fjellstyret brukar ha gjennomgang av fiskereglane kvart 4. år. Sist gjennomgang var i 2003.

### Statusoversikt over fiskevatna

Vatn	Antal utsett aure	Status for auren	% merka aure i fangsten	Aktuelle tiltak framover
Rensenn 36 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst, litt mager fisk. Gode gyte- og oppveksttilhøve		Auke fiskeuttaket. Det er for mykje fisk i vatnet
Grønsenn 78 prøver	800 1-årig Grønsenn	Særs god vekst og fin aure. Det er mindre årleg vekst og teikn på aukande bestand.	30	Ekstra merksam på bestandsutviklinga
Nestisvatn 27 prøver	700 1-årig Grønsenn	God vekst. Aukande bestand. Minkande andel merka aure.	44	Halde fram med opprydding i bekkane og registrere yngel.
Midtre Syndin 58 prøver	800 2-årig Grønsenn	Særs god og uthaldande vekst. Litt tynn bestand men ein del stor aure	88	Tiltak for naturleg rekruttering har liten effekt, sjå nærare på dette.
Sørre Syndin 48 prøver	600 2-årig Grønsenn	God og uthaldande vekst. Tynn bestand men ein del stor aure. Auka utsettinga sist år	60	Fylgje med på rekrutteringa.
Storfjorden 43 prøver	10 000 2-årig	Middels god vekst. God bestand	75	Halde fram med registrering av merka aure i fangstane. Få inn fiskeprøver
Mosvatn 38 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst. 80 % av auren har bendelorm	0	Vurdere tiltak i høve til parasittar
Halvorstølstj/nabotj. 0 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst. Auren må kjempe hardt for plassen sin i desse tjerna. Stabil aurebestand, middels kvalitet. Mykje abbor		Auka uttak av abbor er ynskjeleg. Halde oppe gytebekkar
Strøstjern	0	Har ikkje prøver frå dette vatnet 2003		Fiske hardt på abbor. Samle inn prøver frå aure.
Svult 8 prøver	100 1-årig Grønsenn	God vekst på auren God bestand. All fanga aure er merka.	63	Stabilisere bestand Tiltak i gytebekk
Skardstjern	150 1-årig	Middels vekst, mykje ørekyte. Familiefiskevatn		Ørekytefangst Få inn prøver frå aure
Skruvletjern	Naturleg rekruttering	Middels god vekst, god bestand		Få inn fleire prøver frå aure
Kringeltjern	50 1-årig	Særs god vekst. Høg k-faktor og raud kjøtfarge. Det er ikkje ørekyte i vatnet	100	Halde vatnet reint for ørekyte.
Bjødnhøvdjtj.	100 1-årig	Sære god vekst og god kvalitet. Det er ikkje ørekyte i vatnet		Halde vatnet reint for ørekyte Få inn fiskeprøver
Langebergjtj.	100 1-årig	Svært god vekst. God kvalitet		
Lomtjern 4 prøver	100 1-årig	Særs god vekst. God kvalitet	75	Få inn prøver frå aure. Betre gytetilhøva.
Køltjedn	Naturleg rekruttering	God vekst		

Vi har i dag følgjande reglar:

1. Fiske med stong og handsnøre er tillate i tida fom 1.1 tom 15.9. Barn og ungdom under 21 år treng ikkje løyse kort for fiske med stong. Handsnøre eller stong som er sett ut blir rekna som fastståande reiskap jfr. § 2.
2. I tida fom 1.6 tom 15.9 kan innanbygds fiska med oter og fastståande reiskap (garn, kupe, line, utstenglar). Kvart båtlag kan ikkje fiska med fastståande reiskap i meir enn eitt vatn på same tid og ingen kan delta i fleire båtlag. Som innanbygds er å rekne dei som er står i folkeregisteret for V.Slidre samt dei som er eigarar eller forpaktar av bruksberettiga eigedom i V.Slidre kommune.
3. Fastståande reiskap skal på godt synlege flytemerker vere merka med fiskaren sitt namn og adresse. Merkinga skal berre skje nærast land.

4. *Maksimalt tal for kvart båtlag ved garnfiske:  
12 garn: Storfjorden  
10 garn: Grønsenn og Rensenn  
8 garn: M.Syndin, S.Syndin, Nestisvatnet, Mosvatnet og Halvorstølstjednet/Matkista  
4 garn: Køltjednet, Strøstjednet, Svulltjedet og Skruvletjednet  
Andre vatn er ikkje tillate for fiske med fastståande reiskap.*
5. *Minste maskevidde for garn er 35 mm. Kvart garn skal ha vanleg lengde, ca. 25 meter.*
6. *Godkjent høvdvunne slørettar kan nyttast fom 1.6 tom 15.9.*
7. *Fiskaren pliktar å gjera seg kjent med generelle reglar i offentlege forskrifter, fjellov og innlandsfiskelov.*

V.Slidre jeger- og fiskarlag er bedt om uttale til revisjon av fiskereglane og dei har gjeve følgjande uttale:

*Styret i jeger- og fiskarlaget har drøfta gjeldende fiskeregler for statsalmenninga. Styret var enige om å sende følgjande uttalelse til fjellstyret:*

*Stangfiske om høsten*

*Laget har fått en del henvendelser fra både bygdefolk og turister som ønsker å fiske med stang etter 15. september, for eksempel i høstferien som ofte er lagt til månedsskifte mellom september og oktober. For at det også skal være et fisketilbud seint på høsten, mener laget at fjellstyret bør vurdere å tillate stangfiske fra land i vann (ikke i elver og bekker) hele året.*

*Oterfiske i Rennsenn for utenbygdsboende*

*Fangstrapportene fra Rennsenn de siste årene viser en økende bestand av ørret og en reduksjon i fiskens gjennomsnittsvekt. Laget mener at det er behov for større uttak av ørret årlig. Da erfaringer tilsier at det tas mest ørret på oter i Rennsenn, vil økt oterfiske kunne bidra til færre fisk og økt gjennomsnittsvekt. Ut fra dette foreslår jeger- og fiskarlaget at fjellstyret åpner for oterfiske i Rennsenn for utenbygdsboende. En kan for eksempel legge ut 4 oterkort for salg på Nøsen Fjellstue.*

I sak 65/07 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:  
*Fjellstyret legg saka ut til offentlig ettersyn.*

Det har ikkje kome merknader etter saka ha lege ut til offentlig ettersyn fram til 12.1.08.

I Øystre Slidre statsallmenning har dei hatt stongfiske heile året, men med det unntak at fiske er freda i elver og bekkar frå 5.9-15.10. Dette fisket er unytta i liten grad og dei har ikkje spesielle negative erfaringar med ordninga.

Etter fristen for merknader har vi fått to merknader.

Trond Ristebråten ber i e-post datert 17.1.08 om at fjellstyret beheld fiskereglane som i dag. Han meiner det blir vanskeleg å skilja mellom bekk, elv, elveos og vatn. Vidare skriv han at dette vil redusere rekrutteringa og at dette er svært uheldig.

I ein fellesutale frå Tor Magne Vidste, Olav Haugli, Nils Moen Jan Erik Lisjordet datert 19.1.08 går dei mot både oterfiske i Rensenn og stongfiske på hausten. Dei tilrår i staden at maskevidda for garn kan reduserast i Rensenn. Vidare skriv dei at opning for stongsike om hausten berre vil utrydde gytetfisker.

Foreninga til dei bruksberettiga v/Gullik Stee går i brev datert 28.1.08 mot både utvida fisketid og oterfiske i Rensenn.

**Vedtak:**

Fjellstyret tek merknadane etter offentlig ettersyn til følge og vedtek at fiskereglane skal vera uendra.

Vedtaket er gjort med tre mot to stemmer.

Vestre Slidre fjellstyre den 31.1.08

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Trond Ristebråten  
Tor Magne Vidste, Olav Haugli, Nils Moen Jan Erik Lisjordet  
Foreninga til dei bruksberettiga v/Gullik Stee